



## Referat

**Delprosjekt: P2**

**Møtestad: Brattvåg**

**Dato: 15.03.19**

**Møteleiar: Kari Grindvik**

<b>Deltakarar:</b>	<b>Kommune/repr.</b>
<b>Kari Grindvik</b>	<b><i>Skodje</i></b>
<b>Modolf Hareide</b>	<b><i>Skodje</i></b>
<b>Helene B. Fjørtoft</b>	<b><i>Ørskog</i></b>
<b>Frode Andresen</b>	<b><i>Ørskog</i></b>
<b>Øystein Tvedt</b>	<b><i>Ålesund</i></b>
<b>Geir Stenseth</b>	<b><i>Ålesund</i></b>
<b>Elin Moen</b>	<b><i>Haram/Nye Ålesund</i></b>
<b>Irene K. Aase</b>	<b><i>Ålesund</i></b>
<b>Synnøve Vasstrand Synnes</b>	<b><i>Ørskog/Nye Ålesund</i></b>
<b>Stein Inge Skogen</b>	<b><i>Tillitsvald</i></b>

Komiteen drøfta følgjande saker:

- Søknaad om unntak frå kommunelova – vil bli lagt fram for Fellesnemnda 04.04.19
- Delegeringsreglement
  - Vil bli lagt fram for Fellesnemnda i 16.05.19
  - Vil bli drøfta vidare i komiteen i komande møte (utsendt i god tid)
  - Endeleg forslag til delegeringsrelement skal sendast på høyring, mellom anna til referansegruppe

- Kor mange reglement skal ein ha i Nye Ålesund kommune: delegeringsreglement, politisk reglement/møteregelement, reglement for godtgjersle og rammevilkår for politisk arbeid
- Forslag til delegeringsreglement vart gjennomgått i møtet
- Spørsmål som må avklarast
  - Klagehandsaming
  - Mindretalsanke – er ikkje lovfesta – komiteen meiner reglementet bør opne for slik mulighet – kravet bør då vere at minst 1/3 krev handsamng i overordna politisk organ (kommunestyret) – kravet må framsetjast i møtet før saka er slutt
  - Lovlegkontroll: vert ein del av møteregelementet
  - Kommunedirektør eller rådmann? – komiteen meiner nye Ålesund kommune skal nytte ei kjønnsnøytral nemning. Kommunelova brukar nemninga «kommunedirektør». Eit alternativ kan vere «administrasjonssjef». Komiteen legg spørsmålet fram for Fellesnemnda utan innstilling.
  - Bystyre eller kommunestyre? – komiteen meiner nye Ålesund kommune skal nytte nemninga kommunestyre. Dette er også omgreper som er nytta i intensjonsavtalen.
  - Der kommunen sjølv er klageorgan, jfr Fvl § 28: Skal det opprettast eit eige klageutval, eller skal dette myndet leggjast til Formannskapet? Komiteen meiner det skal vere eit eige klageutval.
  - Byggekomite: skal dette vere eit fast utval? Evt at det vert oppretta eit oppgåveutval i samband med konkrete prosjekt. Komiteen støttar siste alternativ.
  - Handsaming etter Jordlova og Plan- og bygningslova: komiteen er usikker på om vedtaksmyndet bør leggjast til Planutvalet, eler om saker etter Jordlova skal leggjast til Formannskapet. Sakshandsamar diskuterer spørsmålet med kommunalsjef i forkant av neste møte i komiteen.
  - Kommunestyrekomitear: Kan ta opp saker på eige initiativ, eller på initiativ frå kommunestyret, formannskapet, planutvalet eller rådmannen. Skal ikkje gjere vedtak, men innstiller til kommunestyret.
  - Kontrollutval: ny forskrift er på høyring no.
- Rådsorgana i nye Ålesund – høyring
  - Det er utarbeidd forslag til reglement, som blei gjennomgått i møtet
  - Forslag til reglement vert sendt på høyring med høyringsfrist 01.05.19.
  - Skal sendast til gjeldande råd i dei 5 kommunane
  - Målet er å legge fram sak for Fellesnemnda i juni 2019.

#### Vidare framdiftsplan for arbeidet i komiteen:

- **Reglement for godtgjersle og rammevilkår for politisk arbeid – forslag blir sendt ut til gjennomsyn og evt innspel frå komiteen før utsending til handsaming i Fellesnemnda 04.04.19**
- **Politikarhandbok**
  - **Alle reglement**

- **Registrering av styreverv og økonomiske interesser – utarbeiding av eige reglement, evt vidareføre ordlyden i gjeldande reglement i Ålesund kommune**
- **Politikaropplæring – kva skal denne innehalde – stikkord**
  - **Saksgang, prosedyrer, administrativ og politisk organisering, bli kjent med ny kommune, rolleforståing, arbeidsgjevarrolle,**
  - **Viktig å lage ein plan for opplæring**

**Neste møte i komiteen vert 24.04.19 i Ålesund. Saker til dette møtet:**

- **Ferdigstilling av forslag til delegeringsreglement**
- **Rådsorgana i nye Ålesund – oppsummering av høyringsinnspel og ferdigstilling av forslag til reglement**

Synnøve Vasstrand Synnes

Ref.